



Høyring – vedtekter for skulefritidsordninga i Alver kommune

Kommunane Lindås, Meland og Radøy slår seg frå 01. januar 2020 saman til nye Alver kommune. Vedtekter som setter rammer for skulefritidsordninga i dei tre noverande kommunane må erstattas med nye. Kommunestyret sender med dette forslag til nye vedtekter for skulefritidsordninga (SFO) i Alver kommune.

Skulefritidsordninga er regulert i opplæringslova § 13-7. vedtekter for skulefritidsordninga vert fastsett av kommunen for offentlege skulefritidsordningar. Vedtektene skal setja rammer for skulefritidsordninga på ein slik måte av dei gjer verksomheita forutsigbar jfr. merknader til Ot.prp.nr. 60 (1997-1998).

Vedtektene skal regulera eigarforhold, kven som er opptaksmynde, opptakskriterium, opptaksperiode og oppseiing av skulefritidsplassen, foreldrebetaling, leike- og oppholdsareal, dagleg opphaldstid og årleg opningstid samt bemanning og leiing.

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur inviterer høyringsinstansane til å gje si vurdering av utkastet.

Frist for høyringa er **06. januar 2020**

Høyringspartar er Samarbeidsutvala (SU) ved grunnskulane i noverande Lindås, Meland og Alver, Hovudtillitsvalte, Hovudverneombod, Avdeling for funksjonshemma, Forvaltningskontoret, Økonomiavdelinga, PPT, og RMNF.

Uttale kan sendast til: post@alver.kommune.no.

Merk uttalen: sak 19/1516 Høyring – vedtekter for skulefritidsordninga i Alver kommune.

Med helsing

Kristin Moe
Kommunalsjef Oppvekst

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg: Framlegg til vedtekter for skulefritidsordninga (SFO) i Alver kommune